



Fjelly er oppe for alle dette året. Her er ein skuleklasse frå Uskedalen på hytta.

Uskedalen blir eit stadig meir populært mål for fjellentusiastar og i mai kjem eit nytt døme på det: Ei nasjonal fjellsportsamling i slutten av mai med mellom 40 og 60 deltakarar. Dei skal bu på Rabben Feriesenter.

Samstundes blir det opplyst at forhandlingane om å gjera Fjellandsbø til ein base for klatrande bergensarar så langt diverre ikkje har ført fram.

Fjellsportsamlinga frå 21. til 24. mai (pinsa) er eit samarbeidstiltak mellom DNT Fjellsport i Bergen og fjellsportgruppa i Kvinnherad Tullrag.

Samlinga er meint som ein møteplass for fjellsportinteresserte frå heile landet og kan bli eit årleg høgdepunkt.

Med Rabben som utgangspunkt skal det arrangerast turar med kvalifiserte førarar i klatring, blåisvandring, padling og til topps på fleire av dei kjende fjella i kommunen. Arrangørane er også på jakt etter fagfolk på fleire område, som geologar og biologar.

Dette vart opplyst under eit møte på Gamleskulen om det som skal skje denne sommaren. Allereie i påska startar ei ny spørjeundersøking som skal gje oss meir informasjon om kvagjestene våre meiner om Uskedalen som reisemål og kva dei ønskjer av forbetringar. Denne sommaren vil undersøkinga omfatta fleire enn i fjor, då den i stor grad var konsentrert om båt-turistane.

Av profileringstiltak i år kan nemnast satsing på stoff i sommarmagasinet til Prinfo Media.

Under møtet vart det registrert som ein svært positiv melding at ungdomslaget si hytte Fjelly på prøvebasis vil kunne leigast ut til kven som helst og ikkje berre bygdefolk det næraste året. Det vil vera eit stort pluss og eit godt marknadsføringsargument for dei som driv med turisme. vart det understreka.

Den 19. april skal det haldast eit ope møte om Uskedalen som landskapspark og besøksmål for Folgefonna Nasjonalpark - to prosjekt som det har vore arbeidd med i den seinare tid.

Av Ola Matti Mathisen